

# Kontrollutvalet i Sauda kommune



**ÅRSMELDING  
2018**

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

---

### 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. I 2015 vart det bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem frå tre til fem i frå valperioden 2016-2019.

For perioden 2016-2019 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

**Leiar:** Alan Geoffrey Thompson (Ap)  
**Nestleiar:** Jon Lambrigt Grindheim (Sp)  
**Medlem:** Wenche Pleym (Ap)  
**Medlem:** ~~Signe Marie Breivik (Krf)~~  
**Medlem:** ~~Eirik Tangeraa Lygre (V)~~  
**Medlem:** Synnøve Selvik (Krf) – frå 24.10.18  
**Medlem:** Knut Saua (V) – frå 12.12.18

Varamedlemmer:

**1. Sjur Hatlen (H)**  
**2. Laura Seltveit (Ap)**  
**3. Eirik Birkeland (Sp)**

Jon Lambrigt Grindheim sit fast i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ordføreren har delteke på to av møta i 2018. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han eller nokon frå administrasjonen har delteke på alle møta i 2018.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018

---

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 4 ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet har hatt 24 (22) saker til handsaming, kor 5 (4) saker blei oversendt til kommunestyret.

36 (34) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Møta i kontrollutvalet er opne og blir haldne for opne dører (Kommunel. § 77).

Alan G. Thompson deltok på fagkonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen 7. – 8. februar.

Jon L. Grindheim og Synnøve Selvik deltok på haustkonferansen i Sandnes 22.11.18 i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

I møtet den 07.05.18 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2017. Utvalet hadde følgjande uttale til rekneskapen:

*Sauda kommunes årsregnskap for 2017 er gjort opp med et regnskapsmessig underskudd på kr 1,7 millioner.*

*Kontrollutvalget har merket seg at årsregnskapet viser et positivt netto driftsresultat med 5,8 million kroner, som utgjør 1,1 % av driftsinntektene. Det er et litt bedre resultat enn i fjor, da det var 0,9 %. Resultatet i år og i fjor er allikevel under teknisk beregningsutvalg sitt anbefalte nivå på 1,75 %. I tillegg viser investeringsregnskapet et udekket/udisponert beløp på 4,5 millioner.*

*Under tilvising til utvalgets egen gjennomgang av regnskapsdokumentene og revisjonsberetningen, mener kontrollutvalget at årsregnskapet totalt sett gir et forsvarlig uttrykk for resultatet av kommunens virksomhet i 2017 og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.17.*

*Kontrollutvalget i Sauda har ikke andre merknader til Sauda kommunes årsregnskap ut over det som går fram ovenfor, av revisor sin revisjonsberetning og økonomisjefens uttalelse i årsberetningen.*

Skatterekneskapan for 2017 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 05.02.18.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16.

I møtet 07.05.17, sak 09/18 blei rapporten om «Kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg» handsama. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 19.09.18 og innstillinga frå utvalet blei samrøystes vedteke. Det blei gitt ein frist på ni månader for rådmannen til å følgje opp rapporten sine tilrådingar. Utvalet vil følgje opp dette arbeidet i 2019.

I møtet 20.09.18 fekk utvalet svar på innsendte spørsmål og ei orientering frå administrasjonen om den nye personvernlova (GDPR) og kommunen sitt arbeid med å implementere denne i si verksemd.

Utvalet handsama oppfølging av rapporten om «Økonomistyring» i møtet 05.02.18 og 12.11.18. Kommunestyret handsama saka i møtet 12.12.18.

Revisjonsprosjektet om «Kvalitet på opplæringa i skulen» blei bestilt 12.11.18. Rapport vil bli lagt fram i løpet av fyrste halvår 2019.

## **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar om selskapskontroll i 2018.

#### 4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjaldt fram til 30.06.15. Kommunen nytta seg av opsjonsretten og forlengja avtalen med 1 år, fram til 30.06.16.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016 - 2020.

Kommunestyret slutta seg til kontrollutvalets innstilling om å velje KPMG AS som kommunen sin revisor i møtet 16.12.15, sak 91/15 fram til 2020. Kommunen har opsjon til å forlenge avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon og rapport om «Kvalitet og effektivitet i pleie og omsorg». Dei har også gjort greie for prosjektplan for revisjonsprosjektet om «Kvalitet på opplæringa i skulen». Utvalet har handsama revisor si eigenklæring.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna om personvernlov, budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har mellom anna blitt orientert om statlege tilsyn og KOSTRA-tal.

Utvalet har invitert dei ulike einingane i kommunen for å orientera om deira arbeid. I september deltok kommunalsjef for helse og omsorg Aina Olene Tveit. Ho orienterte om arbeidet innafor hennar eining.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2018:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2017	BUDSJETT 2018 (utvalet)	REKNESKAP 2018
Godtgjersle og driftsutgifter	57 210	110 000	68 066
Revisjonstenester	423 318	523 000	500 126
Sekretariatstenester	167 000	172 000	172 000
Sum utgifter	<b>647 528</b>	<b>805 000</b>	<b>740 192</b>

Kontrollutvalet handsama i møtet 20.09.18 framlegget til budsjett for 2019. Totalt var framlegg til budsjett på kr 805 000 inklusiv mva. Budsjettet blei oversendt kommunen for vidare oppfølging og skal ifølgje loven bli lagt fram for kommunestyret når budsjettet for kommunen blir handsama.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i drift i 14 år. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Erik Daniel Fatnes møtte som (vara) representant for Sauda kommune på representantskapsmøtet 23.04.18. Solfrid Seim Nilsen som er kommunen sin representant meldte forfall.

---

#### 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2018 har vore som planlagt. Forvaltningsrevisjonsrapport om «Kvalitet/effektivitet innafor pleie og omsorg» blei handsama av utvalet og kommunestyret. Rapport om «Økonomistyring» blei følgt opp av utvalet i 2 møter og handsama av kommunestyret i desember. Det er bestilt ny rapport om «Kvalitet på opplæringa i skulen» for levering i 2019. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året og orientert utvalet om arbeidet i ei av einingane.

\*\*\*

Sauda, 4. februar 2019



Alan Geoffrey Thompson  
Leiar

## VEDLEGG

---

### OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/18 Godkjenning av protokoll 13.11.17
- 02/18 Referat- og orienteringssaker 05.02.18
- 03/18 Orientering fra administrasjonen - Helse og omsorg
- 04/18 Oppfølging av revisjonsrapport - Økonomistyring
- 05/18 Årsmelding for kontrollutvalget 2017
  
- 06/18 Godkjenning av protokoll 05.02.18
- 07/18 Referat- og orienteringssaker 07.05.18
- 08/18 Sauda kommune - uttale til regnskapet for 2017
- 09/18 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg»
- 10/18 Personvernlov – konsekvenser for kommunen
  
- 11/18 Godkjenning av protokoll 07.05.18
- 12/18 Referat- og orienteringssaker 20.09.18
- 13/18 Orientering fra administrasjonen – helse og omsorg
- 14/18 Orientering om ny personvernlov – rådmannens svar
- 15/18 Valg av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 16/18 Vurdering av revisors uavhengighet 2018
- 17/18 Utvalgets forslag til budsjett for kontroll og tilsyn 2019
- 18/18 Møteplan for 2019 - kontrollutvalget
  
- 19/18 Godkjenning av protokoll 20.09.18
- 20/18 Referat- og orienteringssaker 12.11.18
- 21/18 Orientering om forslaget til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022
- 22/18 Oppfølging av revisjonsrapport – «Økonomistyring» - 2. gang
- 23/18 Bestilling av revisjonsprosjekt – «Kvalitet på opplæring i skolene»
- 24/18 Revisjonsplan for regnskapsåret 2018

#### Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2018
2. Evaluering/oppsummering av høstkonferansen i Sandnes 30.11.17
3. Regnskapsoversikt for kontroll og tilsyn 2017
4. Budsjett 2018 for kontroll og tilsyn – vedtatt av kommunestyret
5. Årsrapport og årsregnskap 2017 - fra Skatteoppkreveren i Sauda
6. Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap frå Fylkesmannen i Rogaland
7. Tilbakemelding om plan og fremdrift med lukking av avvik – frå Sauda kommune
8. Rapport frå tilsyn med Indre Ryfylke Barnevern sitt arbeid med undersøkingssaker frå Fylkesmannen i Rogaland
9. Svar på førebels rapport frå tilsyn med Indre Ryfylke barnevern – frå Sauda kommune

10. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2018
11. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 15.12.17
12. Statusrapport pr. mai 2018
13. Oppsummering av NKRF-konferansen i februar v/Thompson
14. Kontrollrapport 2017 vedrørende skatteoppkreveren for Sauda kommune
15. Protokoll fra representantskapsmøte 23.04.18 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat
16. Protokoll frå representantskapsmøte 18.04.18 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
17. Representantskapsmøte 20.04.18 – Haugaland Vekst IKS
18. eINFO 1/18 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen
19. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarar: Teieplikt og lukka møte
20. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»– på høyring
21. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene» er klår – vert presentert på FKT-konferansen
22. NKRF – framlegget til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll
23. Statusrapport pr. september 2018
24. Økonomirapport pr. september 2018
25. Protokoll fra årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 29.05.18
26. Høstkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18
27. Styremøteprotokoll 14.06.18 frå Krisesenter Vest IKS
28. «Tillit og kontroll – to sider av same sak ?» - frå Kommunal Rapport 15.08.18
29. Statusrapport pr. november 2018
30. Økonomirapport pr. november 2018
31. Kst-vedtak 19.09.18, sak 55/18 – revisjonsrapport om pleie og omsorg
32. Kst-vedtak 24.10.18, sak 68/18 – suppleringsvalg til kontrollutvalget
33. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvendelse om møteoffentlighet
34. Kommunaldepartementet 15.10.18– avlysning av møter i folkevalgte organ
35. Kommunal Rapport – professor Bernt svarer – retten til å stille spørsmål til ordfører
36. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18 - påmelding